

Rosenborg vann på Høydalsmo Stadion

Sundag 4. oktober var det klart for årets fotballavslutning i Høydalsmo IL. Arrangørane sukka litt tungt når dei såg ut glaset om morgonen og såg at årets fyrste sno ikkje hadde reist, som dei håpa. Men Høysekkane er som kjent eit tøft folkeslag – så fotballavslutning det blei det.

60 ungar blei delt inn i 6 aldersblanda lag for å spila turnering. Dagens lag var Odd Grenland, Brann, Lillestøm, Molde, Aalesund og Rosenborg. Kwart lag spila 5 kampar som vara i 10 minutt. Men midt i turneringa måtte speletid halverast grunna kalde tær blant dei minste spelarane.

Rosenborg gjekk til slutt av med sigeren. Det vinnande og tapande laget fekk premie.

Etter turneringa blei det grilla pølser og servert kaker og brus. Trass i 5 cm sno på banen, kalde tær, rennande naser og neglesprettten blei det ein artig dag både for store og små.